

# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** 31.august 2007  
**Stad:** Ål, Ål kulturhus

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Jan Halvard Brekko,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune (ikkje sak 38/07)
Audun Aasheim,	Nes kommune
Hans Bekken,	Flå kommune

Frå Buskerud fylkeskommune deltok fylkeskontakt Dag Stenersen og Lise Løff i sak 39, 40 og 41.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

---

## SAK 37/07 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 22.6.2007

### Vedtak

Møteprotokoll 22. juni 2007 vart vedteke.

## SAK 38/07 ENERGI- OG KLIMAPLAN FOR HALLINGDAL OG VALDRES

### Vedtak

1. Regionrådet i Hallingdal støttar forslaget om å utarbeide ein felles *Energi – og klimaplan for Hallingdal og Valdres*.
2. Regionrådet rår kommunane i Hallingdal til å delta i prosjektet innanfor ei økonomisk kostnadsramme på kr. 50.000,- for kvar kommune, i tillegg til ein viss eigeninnsats.
3. Det bør vera eit mål at prosjektet kjem inn under ordninga ”Grønne energikommuner”, der Hallingdal og Valdres blir den ”Grøne regionen”.
4. Det må klargjerast om kommunane vil vera med på satsinga som forbilete-region for Enova si nasjonale satsing mot barn og unge i alderen 6 til 15 år.
5. Ved å samordne arbeidet for to regionar og 12 kommunar bør det ligge effektiviseringsgevinstar i sjølve planarbeidet som må synleggjerast.

## SAK 39/07 SØKNAD OM TILSKOT TIL PROSJEKT; NORGES FRILUFTSHØGSKOLE

### Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal løyver eit tilskot på kr 400.000 til vidare arbeid med Norges Friluftshøgskole (fase 2). Tilskotet blir finansiert av regionalt næringsfond.
2. Regionrådet vil oppmode Buskerud fylkeskommune om å løyve kr. 300.000, t.d. frå midlar til gjennomføring av Buskerud fylkeskommune sin reiselivsstaregi for 2007.
3. Regionrådet har tru på at dette vil kunne bli eit tiltak som heile Hallingdal vil nyte godt av og vil etter beste evne støtte opp om realisering av prosjektet.

**SAK 40/07 SØKNAD OM TILSKOT TIL MATBOK; HALLINGKOST**


**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd eit tilskot på kr. 139.958,- til produksjon av Hallingtapas - ei matbok frå Hallingdal.
2. Tilskotet blir finansiert frå resterande midlar av parterskapsavtala med Buskerud fylkeskommune, for 2007.
3. Regionrådet ser det som naturleg at det blir servert Hallingtapas for Regionrådet, på fyrste møte etter boklansering

**SAK 41/07 EVENTUELT**

Dagleg leiar utformar brev frå Regionråde til Buskerud fylkeskommune vedrørende framdrift arkeologiske utgravingar Sokna – Ørgenvika.

Ål 31.8.2007



Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar